



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

22.01.2026

Vår ref:

2026/405

Dykkar dato:

06.01.2026

Dykkar ref:

202511193

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn – søknad om å avgrense bruken av anleggsvegar – Blåfallivassdraget - Kvinnherad

Restriksjonar for anna bruk av anleggsvegane bør avgrensast til det som er nødvendig for å kunne gjennomføre forsvarleg og effektiv anleggstrafikk ved bygge- og rehabiliteringsarbeida i Blåfallivassdraget. Det er viktig å finne gode løysingar som mogleg i samråd med beitenæringa og eventuelle organisasjonar som representerer andre brukarar av vegen.

Vi viser til høyring av søknad frå SKL om å avgrense den allmenne bruken av anleggsvegar knytt til Blåfalli-utbygginga.

Kva søknaden gjeld

Dei komande åra skal det byggjast nye vasskraftanlegg, og eksisterande anlegg skal rehabiliterast. SKL meiner erfaring frå tidlegare anleggsarbeid viser at det vil vere vanskeleg å kunne gjennomføre anleggstransporten på ein forsvarleg og effektiv måte om vegane er opne for vanleg trafikk.

I konsesjonen er det sett vilkår om at anleggsvegane skal kunne nyttast av allmenta «(...) med mindre NVE vedtar noe annet.» Vegane blir nytta til beitedrift og friluftsmål i eit viktig friluftsområde.

SKL søker om å kunne stengje anleggsvegen ved behov, eller om å kunne innføre målretta avgrensingar på trafikk og parkering. Selskapet har dialog med Kvinnherad kommune om tiltaka, og det er planlagt informasjonstiltak for å nå brukarane av området.

Primært søker SKL om ein varig rett til mellombels å kunne avgrense bruken av vegen når arbeid med kraftanlegga skulle tilseie det, og sekundært om å få ein slik rett i ein periode på 5 år, med høve til forlenging.

Vår vurdering

Vasskraftanlegg har stor samfunnsnytte, og bygging og rehabilitering av slike anlegg har dermed høg prioritet. Det er opning i konsesjonen for å kunne avgrense tilgangen for andre til å bruke anleggsvegane ved slikt anleggsarbeid. Sjølv vilkåret om allmenn tilgang til anleggsvegane tilseier likevel at det må vere ein viss terskel for å kunne stenge vegen.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Søknaden legg opp til å ivareta brukarane best mogleg, ved å stenge når det er nødvendig, eller eventuelt innføre meir spesifiserte restriksjonar slik at mest mogleg bruk kan halde fram. Søkar er i dialog med kommunen, og vil sørge for informasjon retta mot brukarene. Det bør òg haldast god dialog med grunneigarar/beitelag, og eventuelle friluftsansjonar. Vi oppfattar at søkar vil prøve å finne mest mogleg smidige løysingar for anna bruk, inkludert beitelaga.

Det bør stillast vilkår om at stenginga skal avgrensast til det som er nødvendig, og med minst mogleg konsekvens for anna bruk. Eventuelt stengingsløyve bør vere tidsavgrensa, slik det sekundært blir søkt om.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Rosendalsvegen 10
Postboks 7900

5470
5020

ROSENDAL
BERGEN